

# Vil ha flyplass i Vågå likevel

Av Ketil Sandviken

**VÅGÅ:** Drømmen om Gudbrandsdal Lufthavn på Tolstadsæn er i ferd med å sløkne sjølv hos dei største entusiastane, men nå ser det ut til at det likevel kan bli flyplass i Vågå. Drammen flyklubb rettar i alle fall ein formell forespørrelse om det er mogleg å få etablert ei lokal flystripe i Vågå, med ønskje

om seriøs behandling i kommunestyret.

Drammen flyklubb har arrangeret seglflyleir i Vågå i 13 sesongar, første gong i 1989. Med unntak av to år har dette vore ei årleg tilstelling på Vågåvassisen i påskeveka. Klubbleiaaren skriv at det har vore svært vellykka, trass i store utfordringar.

«Med den erfaring vi har opparbeidet, har vi skjønt at

Vågå har av verdens beste seilflyforhold. Dette skyldes meteorologiske, topografiske og geografiske forhold som er svært unike», skriv Lund, og legg til at det vart sett Norgesrekord i Vågå for to år sia. Isen egnar seg godt, men kan brukast over ei relativt stutt periode. Drammen flyklubb ønskjer seg permanent flyplass heile året.



Drammen flyklubb har arrangert seglflyleir på Vågåvassisen i 13 påsaker, nå ønskjer klubben ein permanent flyplass på Vågågrunn.  
(Arkivfoto)